

Samandrag *Soga om laksdølane / Laxdøla saga / Laxdœla saga / Laxdæla saga*

Kapitteltal frå originalen; sitat frå Fidjestøl-omsetjinga.

1. Kjartan-ætta og Kjartan

- Ætta, landnåmet og bakgrunnen for det. **Kjetil Flatnev** og **Unn den djuptenkte**, kap. 1-7.
- **Hoskuld** Dala-Kollsson og mor hans, Torgjerd: Blir enkje, gift i Noreg, får sonen (H)**Rut** der. Torgjerd fer til Island, Rut blir i Noreg. Torgjerd døyrr, Hoskuld tek heile arven, kap. 7-8.
- Hoskuld gifter seg med Jorunn, fer til Noreg, kjøper frilla **Melkorka**, som er irsk kongsdotter. Får sonen **Olav (På[fugl])** med henne; kap 9, 12-13.
- Drapshistorie som fører til at tufsen Tord Godde gjev garden sin til Olav På for å få hjelp av Hoskuld; 14-16.
- Torstein Surt m. fl. druknar. Torkjell Trevil triksar til seg Rappstad som arv, men lèt garden liggja brakk; 17-18 (slik at Olav På kan kjøpe billeg seinare; 24).
- Rut kjem til Island og krev arven etter mora Torgjerd. Hoskuld nektar, for Torgjerd spurde ikkje han då ho gifte seg. Rut tek ein krøtterflokk, det blir slåsting, og Rut-flokken drep fire mann. Forlik. 19.
- Melkorka sender **Olav På til utlandet** med gods ho har gift seg til bak ryggen på Hoskuld. Olav er i hirda i Noreg, fer så til Irland, møter **kong Myr-Kjartan** og får tilbod om den irske trona, men takkar nei; 21. Fer til Noreg, kongen der byd Olav slik status og stilling som han måtte ønskje, men han føretrekker å fara heim til Island; 22.
- **Olav På gifter seg med med Torgjerd Egilsdotter**, kjøper Rappsstad og bygger ny gard der, Hjarðarholt; 24.
- Hoskuld på dødsleiet: Bed dei ektefødde sønene, Bård og Torleik, la Olav få arv. Torleik nektar, Hoskuld lurar det til; 26.
- For å blidgjera Torleik byd Olav seg til å fostre sonen hans, **Bolle**; 27.
- **Kjartan blir fødd**, er vakker og framom alle andre i evner, veks opp i lag med Bolle; dei blir bestevener; 28.
- Olav fer til Noreg, Geirmund tvingar seg med til Island og får uønskt giftarmål med Turid Olavsdotter. Blir lei og reiser, Turid hemner seg, tek Fotbit, sverdet hans. Då sver Geirmund at sverdet skal drepa den i Turid-ætta som det er størst tap i. Så får Bolle Fotbit. 29.

2. Kjartan og Gudrun

- **Gudrun Usvivsdotter**, er beste og vakraste kvinne på Island; 32.
- Gudrun drøymer, Gjest Oddleivsson tyder draumane: Ho skal få fire menn. Den fyrste skal ho vera motvillig til, den andre skal vera framifrå, men drukne, den tredje framifrå, men bli drepen, den fjerde skal vera stor hovding, men drukne; 33.
- Gudrun blir **gift** med **Torvald** fordi han er rik. Tord Ingunnsson blir elskaren hennar; 34. Gudrun går frå Torvald, og Tord går frå si kone, Aud; 35.
- Gudrun blir **gift** med **Tord**; 35.
- Aud hemner seg på Tord, som blir alvorleg såra; 35.
- Tord druknar pga. trolldom; 35.
- Strid mellom Torleik Olavsson og farbroren Rut. Løysinga blir at Olav På sender Torleik ut or landet; 36-38.
- **Kjartan blir kjærast med Gudrun**; 39.
- Kjartan fer til Noreg, med Kalv Åsgeirsson; bed Gudrun vente på han tre vintrar. Han kjem i konflikt med Olav Tryggvason i Nidaros, om religionen på Island. Kjartan lèt seg døype, blir ven med kongen; 40.

- Kongen held islendingane som gislar tre vintrar. Sender så Gissur Kvite og Hjalte Skjeggjason for å by kristendomen. **Bolle blir med til Island**; 42.
- Islendingane vedtek kristendomen [år 1000]; 42.
- **Bolle blir gift med Gudrun**; 43.
- **Kjartan kjem heim** med Kalv Ásgeirsson. Han har fått eit stassverd av kongen og gullsjal av Ingebjørg kongssyster, til Gudrun; 43. Så får han veta at Bolle og Gudrun er gifte. **Remna**, syster til Kalv, prøver gullsjalet; Kjartan føreslår at dei gifter seg; 44.
- Kjartan nektar å ta imot hestegåve frå Bolle i gjestebod. Dei skilst ”med lite venskap”; 45.
- **Kjartan gifter seg med Remna**; 45.
- Kjartan ”degraderer” Gudrun frå høgseteplassen ho har hatt som gjest; den skal Remna ha; 46. Sverdet frå kong Olav blir stole av Gudrun-flokken. Det blir funne att, utan slire; 46.
- Gullsjalet blir stole. Kjartan held Bolle ansvarleg, Gudrun ymtar om at sjalet er hennar; 46.
- Kjartan tvingar Bolle og dei til å skite inne i tre netter; 47.
- Kjartan hindrar Bolle i å kjøpe ein gard, tvingar seljaren til å selja til seg; 47.
- **Bolle drep Kjartan** med Fotbit etter at slåst lenge med han og Usvivs-sønene og Torhalla-sønene; 49.
- Olavs-sønene drep Torhalla-sønene; 49.
- Olav På tvingar gjennom forlik. Det blir ikkje reist sak mot mot Bolle. Usvivs-sønene blir fredlause og fer frå landet; 50-51.
- Olav På døy; 51.
- Halldor Olavsson drep Torkjell på Hafratindar, som ikkje hjelpte Kjartan, men hånte han etterpå; 52.

3. Gudrun og ætta hennar etterpå

- **Olavs-sønene drep Bolle**; 55.
- **Bolle Bolleson** blir fødd; 56.
- Gudrun byter gard med Snorre Gøde på Helgafell, for ho vil bort frå Olavs-sønene; 56.
- Snorre Gøde og Gudrun lurar Torgils Hallason til å leie hemndrap på Helge Hardbeinsson. Så drep Bolle Bolleson han; 59-64.
- Usviv døy; 66.
- **Gudrun blir gift med Torkjell Øyolvsson**; 68-69.
- Torleik Bolleson fer til Noreg og blir hirdmann hos Olav den heilage; 70.
- Bolle Bolleson blir gift med Tordis Snorredotter; 70.
- Snorre får til **forlik** mellom **Bolle-sønene** og **Olavs-sønene**, som betaler **bot for Bolle**; 71.
- Bolle Bolleson og Torleik fer til Noregs-kongen. Bolle er framom alle andre; 73.
- Bolle fer til Miklagard; 73.
- **Torkjell Øyolvsson druknar** i Breiðafjörður; 76.
- Gudrun lever mesta som nonne; 76.
- Bolle Bolleson kjem heim som storkar; 77.
- Snorre Gøde døy, gjev gødordet til Bolle; 78.
- Gudrun døy; 78.

Eldar Heide 11.11.2009 / 29.4.2017